
Vår referanse 2020/60137-2
Dato 14.08.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om godkjenning av plan for nydyrking - landbrukssak - gnr. 108, bnr. 20 - Lindås - Alver kommune

Vi viser til brev datert 15.07.2020 med vedlegg. Søknaden gjeld plan om nydyrking på Lindås gnr. 108, bnr. 20 i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

I fylgje våre arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne, som t.d. SEFRAK registrerte bygningar, tufter o.l. som planen vil komma i konflikt med.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift